

# UTKAST TIL PROSJEKTPLAN FOR UTVIKLING AV FORMIDLINGSKONSEPT TILPASSA FJORDABÅTANE/RUTEBÅTANE I PERIODEN 1880-1960

Mål: Reisande med restaurerte fjordabåtar/rutebåtar frå epoken 1880 (1909)-1960 skal gjennom ulike former for formidling få kjennskap til desse båtanens roller og funksjonar med omsyn på menneska, lokalsamfunn, byen og den industrielle og kulturelle utviklinga i ruteområdet.

Prosjektet er planlagt gjennomført etter følgjande modell:

1. Forstudie
2. Forprosjekt
3. Hovudprosjekt
  - Forslag til formidlingskonsept

Prosjektorganisasjon:

Prosjekteigar: Fjordabaatane

Styringsgruppe: Styret i Fjordabaatane

Prosjektgruppe/ressursgruppe:

Harald Kvinge styreleiar/dagleg leiar i Stiftelsen D/S Stord I,

Dag Bakka jr. maritime research & information og forfattar,

Harald Sætre, tidlegare leiar i Veteranskipslaget Fjordabåten og forfattar av bøker om fjordabåtar/rutebåtene.

## 1. Forstudie

Avklaring om ideen er god og har spesiell og almen interesse.

Riksantikvar Jørn Holme har skrive i Riksantikvarens magasin "Alle tiders" nr. 2/2010 under overskrifta "Eitt år som riksantikvar":

".....Kulturminner er som tomme hylstre uten historiene. Historiene om oss, historiene om menneskene i tilknytning til husmannsplassen, maskinanlegget eller fartøyet, må fortelles sammen."

Organisasjonen Fjordabaatane er ein felles organisasjon for fjordabåtar/veteranbåtar med heimehamn i Bergen. På sitt styremøte 22.10.2015 gjorde styret slikt vedtak:

**Vedtak:** Fjordabaatane stiller seg bak prosjektet for å utvikle program for faglig formidling om bord i fartøyene. DS Stord blir brukt som pilot. Prosjektet blir ledet av Harald Kvinge.

Under Norsk Forening for Fartøyvern sitt årsmøte på Gjøvik 2.- 4. oktober 2015 vart ideen drøfta i samband med fagstoff til heftet «Dampskipsposten» og fekk tilslutnad.

Ressursgruppa har konkludert med at behovet for eit grundig formidlingskonsept er til stades og at det ikkje er trong for å bruka meir ressursar på avklaring i eit forstudie.

## **2. Forprosjekt**

Analysera saksområdet ut frå fleire synsvinklar som:

- Utvikling av samferdsle i perioden
- Utvikling av næringslivet i perioden
- Utvikling av skipstypar i perioden
- Overgang frå sjøverts til landverts samferdsle
- 

Definera aktuelle målgrupper som mottakarar av formidlingsinnhaldet

- Barn, ungdom, middelaldrande, eldre /(t.d kulturelle sekker og spaserstokkar)

Formidlingsmetodikk

- Digitale medium
- Papirbasert. Hefte, faldar etc
- Munnleg formidling
- Foto
- Bilete
- Klebunad
- Mat frå restaurasjonen
- Ope skip med omvising
- 

Suksessmål:

Passasjerane gjev uttrykk for at dei har fått kjennskap og forståing av:

- Båten sine funksjonar som passasjer- og lasterutebåt og miljøet om bord.
- Båten sin betydning for samfunnsutviklinga i rutedistriktet.

Stord, 2. februar 2016.

Harald Kvinge